

Meland kommune  
v/ Byggesak  
5918 Frekhaug

16.12.2015

Wayne Mark Robbins  
Skarpenesvegen 103  
5918 Frekhaug

Dykkar ref:  
Kom arkiv sak 15/1783  
Kom Saknr: 339/2015

**Merknad til klage frå Fylkesmannen vedk. etablering av tilkomstveg til fritidsbustad på gbnr 41/20.**  
Vi viser til klage frå Fylkesmannen datert 24.11.2015 og kommunen si oversending datert 27.11.2015 der kommunen ber om eventuelle merknader til klagen og vurderingar i høve jordlova.

Fylkesmannen har i si klage ikkje kome med nye tungtvegande argument som tilseier at Meland kommune skal gjere om på sitt vedtak. Klagen er i utgangspunktet ein repetisjon av dei elementa som vart fremja då saka var på høyring, og som Utvalet har tatt stilling til.

Fylkesmannen har i klagen vurdert dei faktiske forholda annleis enn Utval, søkjar og eigar av landbrukseigedomen:

Utvalet har grunngjeve sitt vedtak med to punkt:

**1. "Synfaring på standen viste at dei faktiske tilhøve låg godt tilrette for omsøkt veg."**

Fylkesmannen har i si klage ikkje vurdert dette punktet i det heile. Eit av hovudargumenta både til søkjar og Utval er at det meste av trasen har vore etablert som traktorveg tidlegare, at forholda for å lage veg for bil utan å gjere større terrenginngrep er gode.

**2. I tillegg til veg til fritidsbustaden, vil omsøkt veg også kunne nyttast omkringliggjande landbrukseigedomar.**

Fylkesmannen har i si klage funne at landbrukseigedomen ikkje vil ha reell nytte av vegen. Dette står i kontrast til Utvalet si grunngjeving, vidare og til skriv frå eigar av landbrukseigedomen datert 16.06.2015: *Vegen vil vere fordelaktig for drift av min eigedom, og vil lette tilkomst til kommunal veg og mitt landbruksareal elles.*

Nye opplysningar viser og at det er andre som nyttar eigedomen til beite og slått. Ny tilkomst frå kommunevegen, samt utbetring av kjøreforholda for traktorvegen, vil gjere forholda betre i høve denne drifta.

Hovudargumentet frå Fylkesmannen er tap av landbruksareal (overflatedyrka). Vi har vist til at det vil gå med ca 300-350 m<sup>2</sup> av landbrukseigedomen sitt totale areal på 78.900 m<sup>2</sup> (her av 13900 m<sup>2</sup> overflatedyrka). Synfaringa viste og at ein del av dette arealet (ved løa) ikkje kan seiast å vere

dyrkbart. Eigaren opplyser til oss og at delar av arealet frå løa og mot fritidsbustaden er myrlendt og har mindre landbruksmessig verdi.

Vi har vidare peika på at det samla omdisponerte jordbruksarealet i Hordaland var 775 000 m<sup>2</sup> (2012). Vi stiller spørsmål om det er i denne saka (300 m<sup>2</sup>) innstramma skal skje?

Vi er samd i at landbruksareal lyt takast vare på, då dette og lyt sjåast på i eit lengre perspektiv. Men i dette høve ligg mesteparten av tilkomstvegen der allereie, og terrenginngrepa vil være særsmå, samt vil gje få eller små ulemper. Vidare vil dette vere ei stor føremon også for bruken av landbrukseigedom, då spesielt i høve at arealet vert nytta som slåttemark og beite av andre utanforståande. I den samanheng vil ein og ha stor føremon av god tilkomst frå den kommunale vegen.

Vidare peikar Fylkesmannen på at ein veg kan medføre driftsulemper for landbrukseigedom. Til det er å nemne at fritidsbustaden har vegrett over det nemnde arealet, og at "vegen" vert nytta som tilkomst også i dag. Forskjellen vert at det kan kunne nyttast bil på strekninga.

Vegen vert og i framtida eigd av landbrukseigedom, eigaren ser ikkje at dette vil få negative, men heller positive konsekvensar for drifta/bruken av eigedom. Som nemnd viser nye opplysningar viser at det er utanforståande som slår og nyttar eigedom delvis som beiteareal. Ny tilkomst vil lette drifta av dette arbeidet.

**I høve landbruksfagleg vurdering i høve jordlova vil det difor vere ei føremon om kommunen sin sakshandsamar gjennomfører synfaring og samtale med eigar, eventuelt også den som nyttar arealet i dag, slik at rett fakta om eigedom og bruken av denne samt forholda rundt vegarealet kjem fram.**

Vi viser elles til tidlegare innsendt klage datert 13.10.2015, som gjer greie for andre vurderingar og synspunkt/argument som er positive i høve tiltaket.



Kjell Reigstad  
Ansvarleg søkjar

Wayne Mark Robbins  
Skarpenesvegen 103  
5918 Frekhaug